

Høring til planprogram for ny E-39 Batnfjorden.

Eg er eigar av gnr 41 brnr 12 på Harstad i Batnfjorden, og vil gjerne komme med innspel av tilhøve rundt vegbygginga som vil kunne få mykje å seie for eigedomen og drifta mi.

Eigedomen er i full bruk, med mjølkekvote, grasproduksjon og beitebruk av innmark og utmark. Det finst også betydelege skogsressursar som treng hogst og pleie, både i lia rett ovanfor hovedeigedomen og på arealet ved skredløpet i Svartdalen.

Ein eventuell veg i dagen over eigedomen vil gi store ulemper for drift og dyr. Beitearealet vil da finnast både nedanfor og ovanfor vegen, og både på innmark og utmark oppe i lia. Beiteforskriftene blir stadig strengare, av lengre varigheit kvar sommar. For å følge desse blir det nødvendig å kunne bruke alt beitearealet på ein grei måte. Det betyr at det på garden må finnast ein vegundergang som gjer atkomsten til beiteområda muleg for dyra.

Ein slik undergang må og kunne brukast for traktor og skogsmaskin/uttransportering av tømmer, både på grunn av tidsbruken ved omkjøring og ved problem med tilkomst til skog. Arealet på oppsida av vegen vil miste ein stor del av sin verdi dersom ein undergang ikkje finst. Dette gjeld og for tilkomst til utmarka for jakt og friluftsliv.

Dersom vegen blir lagt i dagen vil det og behøvast viltgjerde/rundballegjerde ved vegen. Vilt beiter på jorda, særleg vinters tid, og treng vern frå trafikken. Det er og helling der vegforslaget er lagt, som vil gje fare for at rundballar kan trille ned i vegen, spesielt i slåttene.

Garden vil uansett miste ein stor del av sitt areal ved veg i dagen. Det vil bli til dels store skjæringar over min eigedom, noko som tek mykje areal i høve til veg på flatare mark. Eigedomen er og relativt brei der vegen kjem, noko som tek høvesvis meir areal.

Eigedomen har ein skogteig ved Svartdalselva, like veg skredløpet. Her er det og viktig med tilgang for traktor og skogsmaskin ved veg i dagen.

Dersom ein veg i dagen blir gjennomført vil desse ulempene til saman gjere gardsdrifta meir tungvint og vanskelegare både driftsmessig og økonomisk. Uansett må det lagast ein driftsundergang og viltgjerde/rundballegjerde dersom drifta skal kunne oppretthaldast på eit muleg nivå. Dei fleste av ulempene vil bli borte veg valgt av tunellalternativet. Da slepp ein undergang, garden blir ikkje delt og kan drivast som før med beiting og tilgang til utmark og skog. For skogsarealet ved Svartdalselva vil ulempene avgjerast av valt løp, bru etc. Tilgang til skogen må uansett sikrast der og. Og tunell er det langt beste alternativet.

Batnfjordsøra 19.02.23

Ann Magritt Harstad

Gaupsetvn 123, 6631 Batnfjordsøra

Mail: avinnus2011@gmail.com